



Innst. 417 S

(2015–2016)

Innstilling til Stortinget fra kommunal- og forvaltningskomiteen

Prop. 136 S (2015–2016)

Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om Endringer i statsbudsjettet 2016 under Finansdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet (Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet 2016 mv.)

Til Stortinget

1. Samandrag

1.1 Innleiing

Kommunal- og moderniseringsdepartementet legg i proposisjonen fram saker om lønsregulering frå 1. mai 2016 for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet mv. og om endringer i statsbudsjettet for 2016.

1.2 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet med verknad frå 1. mai 2016 mv.

1.2.1 Lønsforhandlingane mv. per 1. mai 2016

FORHANDLINGANE

Forhandlingane mellom staten v/Kommunal- og moderniseringsdepartementet og hovudsamanslutningane for tenestemenn, LO Stat, Akademikerne, Unio og YS Stat, om ny hovudtariffavtale i staten for perioden 1. mai 2016 til 30. april 2018, blei innleia 12. april 2016.

Forhandlingane med Akademikerne heldt fram til 30. april 2016 då Akademikerne aksepterte kravet/tilbodet frå staten.

Forhandlingane med LO Stat, Unio og YS Stat heldt fram til 1. mai da det blei konstatert brot i for-

handlingane. Riksmeklarer blei varsla om brotet same dag i samsvar med tenestetvistlova § 14.

Meklinga blei opna i møte hos Riksmeklarer 4. mai og heldt fram i møte til 26. mai der Riksmeklarer la fram forslag til ny hovudtariffavtale mellom staten og dei tre hovudsamanslutningane. Riksmeklarer sitt forslag blei same dagen akseptert av staten. LO Stat, Unio og YS Stat orienterte om at dei tilrådde meklingsresultatet og ville sende det ut til avrøysting. Svarfristen for avrøystinga er sett til 21. juni 2016.

DEN ØKONOMISKE RAMMA

Både avtala med Akademikerne og Riksmeklarer sitt forslag har ei ramme som inneber ei årslønsauke på 2,4 pst. for første avtaleår. Samla bruttoutgifter ved lønsreguleringa for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet per 1. mai 2016, er for tidsrommet 1. mai–31. desember 2016 rekna ut til 1,912 mrd. kroner.

KOMPETANSEUTVIKLING

Til saman i avtala med Akademikerne og i Riksmeklarer sitt forslag blir det avsett 35 mill. kroner til kompetanseutvikling, ordninga med dei tilsette sin rett til å vera med på avgjerder i verksemda, og omstillingsarbeid for heile tariffperioden.

FORHANDLINGSSTADER

Med heimel i hovudtariffavtalen avgjer staten etter drøftingar med hovudsamanslutningane kor lokale forhandlingar i departementsområda skal førast. Forhandlingsstadene for tariffperioden 2016–2018 blir drøfta og fastsett med verknad frå 1. mai 2016. Forhandlingsstadene er dei same både i vedlegget til avtala med Akademikerne og i vedlegget til forslaget frå Riksmeklarer.

1.3 Nærare om avtala med Akademikerne og Riksmekklaren sitt forslag

Økonomisk profil i avtala med Akademikerne

Med verknad frå 1. mai 2016 er det gitt eit likt prosenttillegg på lønstabellen tilsvarende 0,5 pst. Med verknad frå 1. juli 2016 skal det førast lokale forhandlingar innafor ei økonomisk ramme på 2,3 pst. per dato av lønsmassen. Akademikerne vil gjennom avtala få eigen lønstabell.

Økonomisk profil i Riksmekklaren sitt forslag

Med verknad frå 1. mai 2016 er det gitt eit likt prosenttillegg på lønstabellen tilsvarende 1,15 pst. Med verknad frå 1. juli 2016 skal det førast lokale forhandlingar innafor ei økonomisk ramme på 1,5 pst. per dato av lønsmassen. LO Stat, Unio og YS Stat vil gjennom Riksmekklaren sitt forslag få ein felles lønstabell som er annleis enn lønstabellen til Akademikerne.

Løns- og arbeidsvilkår elles i hovudtariffavtala blir i hovudsak vidareført, og fellesføresegn og sosiale føresegn er like i avtala med Akademikerne og i Riksmekklaren sitt forslag.

Anna

For staten har det vore viktig å kome i gang med arbeidet med å modernisere løns- og forhandlings-systemet i oppgjeret i år, og det er lagt stor vekt på å kome fram til løysingar som gjer hovudtariffavtala meir fleksibel og gir dei lokale partane større handlefridom.

Det er både i avtala med Akademikerne og i Riksmekklaren sitt forslag fastsett kvart sitt mandat for å vidareutvikle løns- og forhandlings-systemet fram mot mellomoppgjeret 2017. Det er ikkje store skilnader mellom dei to mandata, men i avtala med Akademikerne er lokal lønsfordeling gitt noko større merksemd, mens det i mandatet i Riksmekklaren sitt forslag òg er merksemd om sentral fordeling av den disponible økonomiske ramma.

1.4 Lønsregulering mv. for dei embets- og tenestemenn som ikkje blir dekte av hovudtariffavtala.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet ber om fullmakt til å gjere avtalene gjeldande for arbeidstakarar som ikkje er medlem av organisasjonar med forhandlingsrett, og som difor ikkje direkte blir omfatta av dei avtaler som er inngått.

1.5 Endringar på statsbudsjettet for 2016

Kap. 2315 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Samla bruttoutgifter ved lønsreguleringa for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet per 1. mai 2016 er for tidsrommet 1. mai–31. desember 2016 rekna ut til 1,912 mrd. kroner.

Overslaget omfattar alle tilsette som går inn under hovudtariffavtalane i staten. Meirutgifter som følgje av auka satsar for overtid og arbeidsgivaravgift er medrekna.

Meirutgifter i samband med lønsreguleringane for forvaltningsorgan med særskilde fullmakter og forvaltningsbedrifter blir dekte innafor budsjetta til verksemdene.

Verksemdar med arbeidstakarar som får løn administrativt fastsett i kontrakt, må sjølve dekke meirutgifta av lønsregulering innafor eksisterande budsjett.

Det går fram av proposisjonen at etter fråtrekk av det ovanfor nemnde er meirutgiftene rekna til 1,434 mrd. kroner. Etter vanleg praksis blir slike meirutgifter dekte ved at det blir ført opp løyving under kap. 2315 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet, som Finansdepartementet får fullmakt til å fordele.

Kap. 0502 Lønsoppgjeret i staten – tariffavtalte avsettingar

POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER,

KAN OVERFØRAST, KAN NYTTAST UNDER
KAP. 0502 POST 70

Det går fram av proposisjonen at det for perioden 1. mai 2016–30. april 2018 blir avsett til saman 2 mill. kroner til kompetanseutvikling. Avsettinga skal i hovudsak gå til felles tiltak i regi av dei sentrale partane. Det blir i proposisjonen foreslått løyvd 1 mill. kroner av avsettinga i 2016. Dei resterande 1 mill. kroner vil bli foreslått løyvd på statsbudsjettet for 2017. Det blir foreslått at stikkordet «kan nyttast under» blir lagt til kap. 0502 post 21 og post 70.

POST 70 TILSKOT TIL KOMPETANSEUTVIKLING MV., KAN OVERFØRAST, KAN NYTTAST UNDER KAP. 0502 POST 21

Det går fram av proposisjonen at det for perioden 1. mai 2016–30. april 2018 blir avsett til saman 33 mill. kroner til kompetanseutvikling. Avsettinga skal i hovudsak gå til å styrke verksemdene si kompetanseutvikling. Det blir i proposisjonen foreslått løyvd 16,5 mill. kroner av avsettinga i 2016. Dei resterande 16,5 mill. kroner vil bli foreslått løyvd på statsbudsjettet for 2017. Det blir foreslått at stikkordet «kan

nyttast under» blir lagt til i kap. 0502 post 21 og post 70.

POST 71 TILSKOT TIL MIDLAR TIL OPPLÆRING OG UTVIKLING AV TILLITSVALDE (OU-MIDLAR)

I proposisjonen blir det foreslått at tilskotet blir auka med om lag 6,6 mill. kroner. Bidraget frå arbeidstakarane vert auka med 100 kroner til 400 kroner.

Kap. 2309 Tilfeldige utgifter

POST 1 DRIFTSUTGIFTER

Det går fram av proposisjonen at det er avsett midlar til dekning av meirutgiftene ved lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet mv. Løyvinga under kap. 2309 Tilfeldige utgifter vil bli redusert i samband med proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet 2016 til hausten.

2. Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Jan Bøhler, Stine Renate Håheim, Stein Erik Lauvås, Helga Pedersen og Eirin Sund, frå Høgre, Frank J. Jenssen, Mudassar Kapur, Bjørn Lødemel og Ingjerd Schou, frå Framstegspartiet, Mazyar Keshvari og leiaren Helge André Njåstad, frå Kristeleg Folkeparti, Geir Sigbjørn Toskedal, frå Senterpartiet, Heidi Greni, frå Venstre, André N. Skjelstad, og frå Sosialistisk Venstreparti, Karin Andersen, viser til Prop. 136 S (2015–2016).

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Høgre, Framstegspartiet, Kristeleg Folkeparti og Venstre sluttar seg til proposisjonen.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til at årets forhandlingar mellom staten v/Kommunal- og moderniseringsdepartementet og hovudsamanslutningane for tenestemenn, LO Stat, Akademikerne, Unio og YS Stat, om ny hovudtariffavtale i staten for perioden 1. mai 2016 til 30. april 2018, blei innleia 12. april 2016. Akademikerne og staten inngjekk avtale 30. april 2016. Forhandlingane med LO Stat, Unio og YS Stat endte med brot 1. mai. Riksmeklarane sitt forslag til ny hovudtariffavtale mellom staten og dei tre hovudsamanslutningane blei 26. mai akseptert av staten. LO Stat, Unio og YS Stat orienterte om at dei tilrådde meklingsresultatet og ville sende det ut til avrøysting. Svarfristen for avrøystinga er sett til 21. juni 2016.

Desse medlemene viser til at både avtalen med Akademikerne og Riksmeklarane sitt forslag til avtale mellom staten og LO Stat, Unio og YS Stat, har ei ramme som inneber ei årslønsauke på 2,4 pst for første avtaleår. Ramma er i tråd med oppgjeret i Industrioverenskomsten mellom Norsk Industri og Fellesforbundet, òg omtalt som frontfaget. Samla bruttoutgifter ved lønsreguleringa for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet per 1. mai 2016 er for tidsrommet 1. mai–31. desember 2016 rekna ut til 1,912 mrd. kroner.

Desse medlemene merkar seg at det i avtalen med Akademikerne med verknad frå 1. mai 2016 er gitt eit likt prosenttillegg på lønstabellen tilsvarende 0,5 pst. Med verknad frå 1. juli 2016 skal det først lokale forhandlingar innafor ei økonomisk ramme på 2,3 pst. per dato av lønsmassen. Akademikerne vil gjennom avtalen få eigen lønstabell.

Desse medlemene merkar seg vidare at det i Riksmeklarane sitt forslag til avtale med dei tre andre hovudsamanslutningane med verknad frå 1. mai 2016 er gitt eit likt prosenttillegg på lønstabellen tilsvarende 1,15 pst. Med verknad frå 1. juli 2016 skal det først lokale forhandlingar innafor ei økonomisk ramme på 1,5 pst. per dato av lønsmassen. LO Stat, Unio og YS Stat vil gjennom Riksmeklarane sitt forslag få ein felles lønstabell som er annleis enn lønstabellen til Akademikerne.

Desse medlemene merkar seg at forhandlingsløyvinga mellom Akademikerne og staten, og Riksmeklarane sitt forslag til avtale mellom staten og LO Stat, Unio og YS Stat, har ført til at det for første gong mellom tariffpartane i staten er inngått hovudtariffavtalar med ulikt innhald. Det forhandlingstema som openbert har skapt størst avstand mellom partane, er fyrste fase i regjeringa sitt ønskje om å innføre eit nytt løns- og forhandlingssystem.

Desse medlemene viser til at staten tidlegare har inngått fire likelydande hovudtariffavtalar med hovudsamanslutningane, og same hovudtariffavtale har difor blitt gjort gjeldande for dei uorganiserte. I årets oppgjer har staten inngått to unlikelydande tariffavtalar. Dei sosiale føresegnene er like i begge avtalane, men dei er ulike når det gjeld føresegnene om fordelinga av løn. Desse medlemene viser til at Kommunal- og moderniseringsdepartementet tilrår at tariffavtalane mellom staten og LO Stat, Unio og YS Stat blir gjort gjeldande for dei uorganiserte arbeidstakarane i staten. Bakgrunnen er at desse tariffavtalane dekkjer flest av dei tilsette i staten. Desse medlemene sluttar seg til tilrådinga om at tariffavtalane mellom staten og LO Stat, Unio og YS Stat blir gjort gjeldande for dei uorganiserte arbeidstakarane i staten.

Desse medlemene viser til at fram til årets oppgjer har partane i staten vore samde om å byggje

på den inngåtte semja av 1. mai 1991. Då skjedde den første store endringa av statens løns- og forhandlings-system. Denne endringa var på førehand grundig utgreidd gjennom NOU 1990:32 Statens lønnskomité av 1988, nedsett ved kongeleg resolusjon. Stortinget var slik på førehand gjort kjent med at hovudtariff-partane skulle greie ut eit nytt lønssystem. Tilrådinga frå lønnskomiteen følgde dessutan den gongen med som særskilt vedlegg til St.prp. nr. 75 (1990–1991) om regulering av lønningene m.v. for offentlige tjenestemenn. I forkant av årets lønsoppgjer for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet føreligg det ikkje noka slik offentlig utgreiing. Årets endringar ber preg av mangel på utgreiing og konsekvensvurdering. Stortinget har ikkje i forkant av lønsoppgjøret fått noko varsel om at ein stod andsynes ei vesentleg omlegging av løns- og forhandlingssystemet i statleg sektor. Stortinget har heller ikkje i samband med handsaminga av lønsreguleringa i det statlege tariffområdet dei siste to åra gjeve uttrykk for noko ønskje om ei slik omlegging.

Desse medlemene meiner ein slik mangel på ope førearbeid må oppfattast som eit press på Stortinget til å akseptera både premissa som oppgjeret er gjennomført på, og prosessen fram til Stortinget får seg førelagd resultatet av lønsoppgjøret. Desse medlemene vil understreke at denne framgangsmåten er uakseptabel.

Desse medlemene vil visa til at når staten inngjekk ein einsidig tariffavtale med Akademikerne, hadde staten ikkje nokon garanti for at det berre ville bli éin avtale til, ved at dei tre andre hovudsamanslutningane blei samde om éin ny tariffavtale etter bistand frå Riksmeklarer.

Konsekvensane av at det no ligg føre to ulike-lydande hovudtariffavtalar vil openbert vera kompliserande for staten å praktisere. To ulikelydande hovudtariffavtalar vil óg innebere eit effektivitetstap for staten, fordi det vil bli stadige gnissingar mellom arbeidstakarar i det statlege tariffområdet som har ulik fagforeningstilknytning.

Desse medlemene vil vidare peika på at årets to avtalar står i motsetnad til regjeringa sitt mål om å «forenkle» og «modernisere» løns- og forhandlingssystemet, då årets løysing medfører meir byråkrati. Dette fordi staten framover må handtera to ulikelydande hovudtariffavtalar i virksomhetene og på forhandlingsstadane.

Desse medlemene vil visa til at løn er hovudtema i nesten kvart tariffoppgjer. Hovudsamanslutningane er gjennom tjenestetvistloven gitt ein heilt dominerande posisjon på arbeidstakersida. Regjeringa Bondevik II understrekte dette då tjenestetvistloven blei endra i 2002. Formålet med lovendingsforslaga då var å: «...oppretthalde og styrke hovedsammenslutningenes posisjon i det statlige

tarifforhandlingssystemet.» (Ot. prp. nr. 38 (2001–2002), side 4). Ei overføring av betydelege lønsmidlar frå sentralt til lokalplanet inneber det motsette. Med andre ord blir betydelege lønsmidlar overført frå sentrale, samordna lønsoppgjer på hovudsamanslutningsnivå, til desentrale, forbundsvisse forhandlingar under fredsplikt.

Desse medlemene meiner Stortinget burde vore førelagt ei utgreiing av konsekvensane for streikeretten når meir og meir av lønsdanninga blir flytta frå sentral- til lokalplanet.

Desse medlemene vil understreke at staten som arbeidsgjevarpart er i ei særstilling fordi tariffoppgjera i staten er ein del av regjeringa sin inntekts-politikk. Gjennom inntektspolitikken har regjeringa eit overordna nasjonalt ansvar for lønsutviklinga og sysselsettinga. Statens løns- og forhandlingssystem har vore nøytralt, uavhengig av virksomhet og organisasjonstilknytning. Hovudsamanslutningane er både vertikale og horisontale med medlemskonkurranse innanfor grupper. Staten har mellom anna av den grunn fram til no hatt likelydande hovudtariffavtalar.

Etter desse medlemene si meining er det vesentleg at hovudsamanslutningane sin sentrale posisjon ved forhandlingar av generelle løns- og arbeidsvilkår i statleg sektor blir oppretthalde, slik tjenestetvistloven føreset. Desse medlemene meiner regjeringa gjennom si framferd i samband med årets oppgjer har brote med sentrale prinsipp som fram til no har blitt lagt til grunn for eit heilskapleg løns- og forhandlingssystem i staten. Desse medlemene meiner dette er svært uheldig.

Etter desse medlemene sitt syn kan ikkje staten si framferd i år forståast annleis enn at ein gjennomfører eit nytt løns- og forhandlingssystem som inneber større lønsskilnader i samfunnet og meir byråkrati, noko desse medlemene ikkje støttar.

Det er etter desse medlemene si meining ikkje mogleg for Stortinget i dag å vurdere dei langsiktige konsekvensane av ulike avtalar for tilsette i staten som har same utdanning, same stilling og ansvarsområde. Ikkje desto mindre inneber resultatet av årets forhandlingar om ny hovudtariffavtale i staten eit klårt brot med dei prinsipp som desse medlemene held høgt, nemleg lik løn for likt arbeid – óg innan det statlege tariffområdet. Dette prinsippet har Stortinget slått fast i likestillingsloven § 21.

Desse medlemene meiner årets lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet må bli eit unntak, ved at regjeringa ved neste revisjon av hovudtariffavtalen i 2018 gjennomfører lønsoppgjøret i staten slik at resultatet blir likelydande hovudtariffavtalar gjeldande for alle arbeidstakarar i det statlege tariffområdet uavhengig av organisasjonstilknytning. Desse medlemene vil ikkje vera med på ei ferd der tradisjonen med at staten opptre slik at ein

får likelydande tariffavtalar med dei fire hovudsamanslutningane, blir forlatt. Desse medlemmene vil ikkje støtte ei slik politisk kursending i den statlege løns- og arbeidsgivarpolitikken framover.

På denne bakgrunn fremjar desse medlemmene følgjande forslag:

«Stortinget bed regjeringa ved neste revisjon av hovudtariffavtalen i 2018 gjennomføre lønsoppgjeret i staten slik at resultatet blir fire likelydande hovudtariffavtalar, slik at det blir éin hovudtariffavtale gjeldande for alle arbeidstakarar i det statlege tariffområdet uavhengig av organisasjonstilknytning.»

Komiteens medlemmer fra Høyre og Fremskrittspartiet viser til at staten har lagt til grunn at lønnsrammen for oppgjøret i det statlige tariffområdet skal forhandles med de sentrale partene, for å sikre en ansvarlig lønnsutvikling i tråd med frontfagsmodellen. Dette innebærer at det fortsatt er streikerett. Disse medlemmer understreker at hovedtariffavtalene for 2016–2018 i all hovedsak er likelydende, men med en ulik andel av lønnsmidlene til lokal fordeling.

Disse medlemmer viser til Prop. 1 S (2015–2016) der det fremgår at staten ønsker større grad av lokal handlefrihet i lønnsdannelsen i de statlige virksomhetene og en videreutvikling av løns- og forhandlingssystemet. Alle hovedsammenslutningene har deltatt i et samarbeid om en slik videreutvikling over lang tid. Disse medlemmer mener det er viktig at lokale arbeidsgivere og tillitsvalgte kan samarbeide om å rekruttere, utvikle og beholde gode medarbeidere i tråd med virksomhetenes ulike behov. De lokale partene kan benytte flere forskjellige virkemidler for å oppnå dette. Disse medlemmer har tillit til at de lokale partene også vil sikre en god lønnsfordeling og likelønn for kvinner og menn.

Før forhandlingene om årets tariffoppgjør startet, varslet staten partene om at man primært ønsket likelydende avtaler, men at det også var mulig å inngå ulike avtaler. Disse medlemmer konstaterer at arbeidstakerorganisasjonen Akademikerne Stat takket ja til statens tilbud om at 2,3 pst av lønsmassen

pr. dato skal fordeles lokalt, mens de øvrige organisasjonene har inngått en avtale som gir om lag 1,5 pst. avsetning til lokal fordeling.

Slik disse medlemmer ser det, er muligheten for ulikelydende avtaler en konsekvens av avtalefriheten mellom partene i arbeidslivet. Disse medlemmer viser til at det er ulikelydende avtaler i Spekter-området, i kommunal sektor og i privat sektor. Staten har ved enkelte anledninger også tidligere inngått egne tariffavtalar med grupper av ansatte avhengig av fagforeningstilknytning. Det vises eksempelvis til romertallsvedtak I og II i St.prp. nr. 74 (1999–2000) Om lønnsregulering for arbeidstakere i det statlige tariffområdet 2000 m.v., jf. Innst. S. nr. 217. Ved den anledning ble det inngått en tariffavtale for medlemmer i LO Stat, Akademikerne Fellesorganisasjon, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund Stat, Akademikerne og Norsk Lærerlag. I tillegg ble det inngått tariffavtalar for medlemmer i Politiets Fellesforbund, Norges Ingeniørorganisasjon og Norges Farmaceutiske forening. Videre har staten i flere år vært part i ulike overenskomster i tillegg til Hovedtariffavtalen, slik som Verkstedsoverenskomsten i Forsvaret, Overenskomst om mønstret sjøpersonell i Kartverket m.fl.

Disse medlemmer viser til at alle partene er enige om å fortsette arbeidet om en videreutvikling av løns- og forhandlingssystemet i staten, noe disse medlemmer støtter.

3. Forslag frå mindretal

Forslag frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti:

Forslag 1

Stortinget bed regjeringa ved neste revisjon av hovudtariffavtalen i 2018 gjennomføre lønsoppgjeret i staten slik at resultatet blir fire likelydende hovudtariffavtalar, slik at det blir éin hovudtariffavtale gjeldande for alle arbeidstakarar i det statlege tariffområdet uavhengig av organisasjonstilknytning.

4. Tilråding frå komiteen

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak

I

I statsbudsjettet for 2016 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
2315		Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet	
	1	Driftsutgifter, blir løyvd med	1 434 000 000
0502	21	Lønsoppgjeret i staten, tariffavtalte avsettingar. Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast</i> under kap. 0502 post 70, blir løyvd med	1 000 000
	70	Tilskot til kompetanseutvikling mv., <i>kan overførast, kan nyttast</i> under kap. 0502 post 21, blir løyvd med	16 500 000
	71	Tilskot til midlar til opplæring og utvikling av tillitsvalde (OU-midlar), blir auka med	6 600 000
		frå kr 174 400 000 til kr 181 000 000	

II

Stortinget samtykkjer i at det med verknad frå 1. mai 2016 blir gjort regulering av lønene mv. for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet som er medlemmer av Akademikerne i samsvar med forhandlingsforslaget i protokoll av 1. mai 2016.

sett i hovudtariffavtale, skal same løns- og arbeidsvilkår som etter romartal III gjelde. Embets- og tenestemenn som er tekne ut av hovudtariffavtalene, får sine løns- og arbeidsvilkår fastsette administrativt i eigen kontrakt.

V

III

Stortinget samtykkjer i at det med verknad frå 1. mai 2016 blir gjort regulering av lønene mv. for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet som er medlemmer av LO Stat, Unio og Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund Stat i samsvar med Riksmekklaren si møtebok av 26. mai 2016.

Stortinget samtykkjer i at Kongen på vegne av staten kan bringe tvistar i samband med tariffoppgjeret i staten i 2016 inn for Rikslønsmennda i samsvar med lov om offentlege tenestetvistar av 18. juli 1958 § 31, andre ledd.

VI

IV

For embets- og tenestemenn som ikkje er medlem av organisasjonar som nemnde i romartal II og III, og difor ikkje får sine løns- og arbeidsvilkår fast-

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet får fullmakt til å fordele løyvinga under kap. 2315 Lønsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet, post 1 Driftsutgifter, på dei av departementet sine postar som har lønsløyving.

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, 14. juni 2016

Helge André Njåstad

leiar og ordførar

